



Nyslegne bakkar med ferske siloballar og haustfarga lier i bakgrunnen.

**Det har vore ei uvanleg helg når det gjeld veret.  
20 grader, bading, sommarvarme og grasbergning i oktober månad.**

Den profilerte meterologen, Eli Kari Gjengedal, skriv i Dagbladet at helga ber preg av ettersmak på sommaren med høg temperatur. Ho forklarar det med vandrane ekstratropiske lågtrykk som sig inn frå Island og dekkar store område frå Spania til Svalbard.

Det som kjenneteiknar dette veret, er mildare ver med sørlege vindar og eit skydekke som ligg som ei dyne over oss og held nattefrosten borte.

Det er registrert temperatur opp mot 20 grader i Uskedalen. Hos Endre Harald Wang var det grasbergning med høypalling i går.

I Beinavikjo vart det observert bading.



Innramma av haust var det badetemperatur i sjøen, - mellom anna ved Beinavikjo fremst på bildet vart det observert badande.

Vi spør: Kan nokon i manns minne sei om nokon har opplevd dette før.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto og nett: Thor Inge Døssland (Dessverre ikkje på plass då Kristian O. vart observert badande i går!)